

Saksbehandlar: Astrid Hove, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/6155-1

## **Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

### **Vedlegg:**

1. Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022

### **1. Bakgrunn for saka**

Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale er eit styringsdokument for kompetanseutviklinga i den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane. Den tek utgangspunkt i sentrale føringar frå Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og politiske vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommunen. Dei vidaregåande skulane og arbeidstakarorganisasjonane har vore involvert i arbeidet med planen.

Planen synleggjer kva kompetanse som opplæringa treng for å møte dei mål og strategiar som er sett i styringsdokument, lover og forskrifter. Den gjer greie for status på området, og føreslår prioriteringar for vidare arbeid med kompetanseutvikling. Den gjev også ei oversikt over vidareutdanningsordningar som Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar.

Planen skal bidra til at den einskilde lærar har rett og tilstrekkeleg kompetanse til å nå måla som er sett for vidaregåande opplæring. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som vesentleg å vektleggje fagleg dyktige lærarar, lærarar som har god elevkunnskap, som er metodiske og fagdidaktisk dyktige.

Samstundes skal planen bidra til at skulane aukar den kollektive kompetansen og vidareutviklar det gode læringsfellesskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bidra til å utvikle kollektiv samarbeidskultur og å ha systemmerksemd til beste for elevane.

Som utgangspunkt for arbeidet, må kvar einskild skule gjennomføre ei systematisk kompetansekartlegging og skaffe seg oversikt over eige kompetansebehov.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Systematisk satsing på kompetanseutvikling i den vidaregåande opplæringa er eit viktig skritt på vegen for å nå måla om å gi elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane den kvalitativt beste opplæringa.

Nyare forskning og kunnskap om kva faktorar som fremjar god læring hjå elevane bør liggje til grunn for satsingane, og lærarane er ein særskilt viktig ressurs i dette. Samstundes må ein vera bevisst at gode enkeltlærarar ikkje er tilstrekkeleg for å skape god opplæring. Skulen er eit lagarbeid der det er behov for kontinuerleg kompetanseutvikling og deling av kunnskap og erfaringar. Vi må kvalitetssikre at system og målretta støtte sikrar at alle elevar dreg nytte av opplæringa som vert tilbydd.

Fylkesdirektøren vurderer at satsingsområda og tiltaka som overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring lyfter fram, er sentrale for det vidare arbeidet med kompetanseutvikling.

Fylkesdirektøren vil søkje utdanningsdirektoratet om statlege midlar til etter- og vidareutdanning etter dei statlege vidareutdanningsordningane. Til fylkeskommunale vidareutdanningsordningane vert det nytta egne kompetanseutviklingsmidlar. I tillegg vil fylkesdirektøren aktivt søke statlege midlar for å styrke kompetanseutviklinga på satsingsområda i planen.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren for opplæring tilrår at Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre.